

Meland kommune / Teknisk avd

Postboks 79

5906 Frekhaug

Ulset 13.11.2017

Att : Avd.ingeniør Per Atle Sæle

Spørsmål om formelle tilhøve ved vegutløysing i LNF-område.

Saman med Berit Sofie Hoffstad eig eg GBnr 1/403 på Flatøy, Flatøyvegen 130. Hytta kjøpte me i 1998 og nokre år seinare kjøpte me også den bygsla tomta frå dåverande grunneigar Sigmund Austegard, GBnr 1/12, (Hilda Austegard er no eigar).

Tilkomst til hytta byggjer på skriftleg avtale om å nytta gamal kjerreveg opp i området. Kjerrevegen ligg på GBnr 1/12. Ved fleire høve har kjørbar veg til hytta vore drøfta med både tidlegare og noverande grunneigar. Me har forstått det slik at føresetnaden var å følgja same trasè som kjerrevegen.

Naboeigedomen / -hytta, GBnr 1/399, Flatøyvegen 128 er no eigm av Inge Østergaard (tidlegare av foreldra hans). Nedste del av vegen til den hytta har og vore kjerrevegen, resten på relativt därleg sti. Inge Østergaard har no presentert eit heilt nytt alternativ for vegutløysing som ikkje følgjer kjerrevegen, men ligg meir inn i det urørde LNF-området.

Ønskje om vegutløysing for nabohytta er forståeleg, men me stiller spørsmål ved linjevalet. Det må understrekast at også dette linjevalet kan verta til føremon for oss, på tilsvarende måte som veg langs kjerrevegen vil vera eit like godt alternativ for nabohytta. Begge alternativa vil i om lag same grad koma inn på vår eigedom.

Det knyter seg nokre spørsmål til denne vegutløysinga og trasèvalet. Dei ville me gjerne få belyst i ein samtale med Teknisk avd., ev også ved befaring i området. I eit vedlegg til dette brevet er det teke med ein del om bakgrunnen for ønskjet om ei avklaring.

1. *Jordkjellar.* På sida av kjerrevegen ligg det ein gammal jordkjellar med opning vendt mot kjerrevegen. Dersom «ny veg» skal leggjast langs kjerrevegen – ikkje på kjerrevegen – kor stor avstand må det vera frå vegen til jordkjellaren (kjerrevegen er om lag 1,25 m brei og vil ikkje verta øydelagd av ev ny veg) ?
2. *Trasè.* Inge Østergaard sitt forslag til trasè er presentert ved ei skisse på eit kart over området. I presentasjonen er det også nemnt ein uttale frå ein entreprenør om at det vil vera råd å byggja vegen slik det er skissert. Vi reknar med at det må søkjast om dispensasjon for å byggja veg i LNF-området (tilsvarende som då me for nokre år sidan bygde på hytta vår). Kva krav stiller Teknisk avd til prosjektering av ein kjørbar veg i eit LNF-område ? (for ordens skull – kjerrevegen vert også brukt som turveg opp til det høgste punktet i området).

3. *Alternativ trasè.* Dersom Inge Østergaard søker om å få byggja den skisserte vegen, vil me som hyttenabo og brukar av kjerrevegen ha høve til å påpeika at me meiner ein trasè som følgjer kjerrevegen for denne nedre delen av vegen, er betre (og like bra for han)? Etter vår meining vil dette også vera ein veg som er mindre synleg og dermed mindre skjemmande i eit LNF-område.
4. *Framgangsmåte.* Vil me verta oppmoda om / ev ha rett til å delta ved ev synfaring etter søknad om vegbygging frå Inge Østergaard ? Vil ev grunneigar si meining om linjeval for nedre del av vegen vera avgjerande ?

Me har også merknader til linjevalet for vegen inne på Inge Østergaard sin eigedom der vegen er lagd tett inntil grensa mot vår eigedom. Det vil me koma attende til. I denne omgangen er det linjevalet for nedre del av vegen som er det vesentlege.

For ordens skull gjer eg merksam på at eg har rådført meg tidlegare kollegar i teknisk avdeling i Bergen og omegn Boligbyggelag (BOB).

Det ville vera fint om eg kunne å få ein samtale med saksbehandlar på Teknisk avd for å avklara noko av det som er nemnt ovanfor. Eg er pensjonist og relativt fri til å møta fram på kort varsel (unnateke måndag).

Med helsing


Henrik Brigtzen

Bruskedalsreset 86, 5115 Ulset / 55 18 04 62 // 916 16 972

Kopi til eigar av GBnr 1/12 Hilda Austegard

Vedlegg : Kopi av skissert veg frå Inge Østergaard

Kopi av kart med innteikna veglinje v/ Sigmund Austegard

Bakgrunnsopplysningar